

Meland Kommune

Rådhuset

5918 FREKHAUG

INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN GNR.22, BNR.4, MJÅTVEIT

Som eigarar av gnr.22, bnr.4 vil me koma med innspel til kommuneplanen for dette området. Garden er i 3 teigar, den største er på nordsida av fylkesvegen, og det blir her drive med landbruk med husdyrhald. Areala vert oppgradert med påfylling av jord, drenering og bygging av driftsvegar. Sjølv om dette arealet ligg som Lnf område i kommuneplanen vert dette området mykje nytt a turgåarar og andre besøkjande. Me er positive så lenge dette er eit samspel som ikkje går ut over landbruksdrifta i området.

Når det gjeld teigen ned mot sjøen, (Tonesmarka), ynskjer me ei utbygging av deler av området. Me viser til vedlagt kart. Nederste del, sjølve Toneset og arealet mot sjøen kan liggja som Inf område. Toneset blir stølt og beita med sau. Når det gjeld arealet lenger oppe, ynskjer me utbygging til bustader, og eit område til bygging av eit forsamlingshus/kirkebygg. I dette området vil me byggja eit 1000m² stort bygg. I området rundt vil me leggja opp til aktivitetar for barn og unge. Vi ynskjer å byggja ulike ballbaner mm. Nærare opplysningar om dette prosjektet vil me gje når me får tildelt møtetid hjå dykk.


Grunnen til at me har teikna ein så stor del av arealet gult, er at me meiner at også «uteareala» bør vera med i ein reguleringsplan og ikkje liggja på annan manns grunn.

Med helsing



Astrid Askeland

Magnar Askeland



	Kartutsnitt kommuneplan høyningsutkast 25.09.2014
	Målestokk 1:2500
	Meland kommune